

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/9221-12

Rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 - 2020

**Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020 slik den ligg føre.

Vedlegg:

- Rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 7. oktober 2016 i FT-sak 43/16 plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020. Det stod i saka at kontrollutvalet ville ha som målsetting å rullere planen i løpet av perioden.

Som eit resultat av arbeidet med å slå saman Hordaland fylkeskommune med Sogn og Fjordane fylkeskommune, vart følgjande nedfelt, om arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon, etter eit arbeidsmøte 21. november 2017 mellom dei to kontrollutvala:

Begge konktrollutvala bør handsame sak i desember om bestilling hjå Deloitte av prosjektplan for felles evaluering av planane. Bestillinga bør vera at forslag til prosjektplan vert levert til handsaming i første møte i utvala i 2018.

På bakgrunn av det som går fram over tilrådde sekretariatet at kontrollutvalet skulle be Deloitte utarbeide forslag til ein prosjektplan som viser korleis dei kan bistå kontrollutvala i dei to fylkeskommunane i å gjennomføre ei felles evaluering av gjeldande planar for forvaltningsrevisjon. Prosjektplanen måtte innrettast slik at framtidige forvaltningsrevisjonar vil bidra til forbetringar og nytte i den nye fylkeskommunen som skal vera på plass frå 01.01.2020. Det vart også tilrådd at kontrollutvalet skulle be om at prosjektplanen vart gjennomført i tråd med dei føringar utvala har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og tidspunkt for ferdigstilling.

Kontrollutvalet vedtok å bestille rullering av planen og følgjande bestilling vart sendt Deloitte AS etter møtet 21. november:

- Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeida forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik felles evaluering av dei vedtekne planane i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
- Prosjektplanen skal leverast sekretariata innan 17.1.2018 og skal handsamast i møte i kontrollutvala i februar 2018.

Kontrollutvalet handsama 27. februar i år prosjektplanen frå Deloitte i KU-sak 4/18. Følgjande vedtak vart gjort:

1. Kontrollutvalet bestiller felles rullering av dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018.

I møte 22. mai – KU-sak 22/18 – vart det gjennomført prosessmøte i arbeidet med rullering av planen på bakgrunn av notatet «Rullering av plan for forvaltningsrevisjon», som var utsendt i samband med saka.

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte resultatet av det arbeidet dei har gjort for å kartlegge endringar i risikobilete i Sogn og Fjordane fylkeskommune som danner grunnlaget for rullering av planen. Vidare leia han ein prosess der kontrollutvalet kom fram til dei endringane som må gjerast i gjeldande plan. Det vart vidare lagt opp til å ha eit felles videomøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 04.06.2018 der m.a. rullering av plan for forvaltningsrevisjon var tema.

Det vart gjort følgjande vedtak i saka 22. mai:

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, som resultat av endra risikobilete.
2. Revidert plan vert å sende sekretariatet innan 24.05.2018 for vidare handsaming i møte 04.06.2018, eventuelt at den vert lagt fram i møtet.
3. Revidert plan skal danne grunnlag for felles prosessmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

I møte 4. juni vart planen drøfta i sak 30/18 «Rolla til kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune – Arbeidsmøte 3». Planen var motteken frå Deloitte AS 24. mai, og var lagt ved saka. Det vart protokollert m.a følgjande etter møtet 4. juni:

Det vart gjennomført videomøte saman med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i denne saka. Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, leia ein prosess der dei to kontrollutvala drøfta felles rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.

- Gjennomføre felles forvaltningsrevisjonsprosjekt innan informasjonstryggleik
- Gjennomføre felles forvaltningsrevisjonsprosjekt innan beredskap på vegnettet (vidareføring av det arbeidet som pågår i Hordaland)
- Den eine fylkeskommunen kan gjennomføre ein forvaltningsrevisjon som den andre kan dra nytte av etterpå

2. Vurderingar og konsekvensar

Hordaland fylkeskommune har handsama revidert plan i møte 27. august. I deira plan finn vi Psykososialt læringsmiljø som prosjekt 3, og Informasjonstryggleik som prosjekt nr. 6 i den prioriterte lista. Begge desse prosjekta står i vår plan under prioriterte liste, hhv prosjekt 3 og 2. Gjennomføring av desse kan samkøyrast, dersom utvala finn det føremålstenleg.

Elles er dei prosjekta som står i planen eit resultat av prosessen som er gjennomført våren 2018, og kontrollsjefen har ingen øvrige kommentarar eller vurderingar til planen.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen vurderer plan for forvaltningsrevisjon, datert mai 2018 frå Deloitte AS, til å vere eit godt grunnlag for kontroll og tilsyn av fylkeskommunen. Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane kan vurdere felles gjennomføring av prosjekt i den grad det er føremålstenleg. Kontrollsjefen rår til at planen vert vedteken som slik den ligg føre.